

KYRKJEBLAD FOR ÅL



I KYRKJEPORTEN / #EINSEMD #SAKKEUS #SKRAVLEKOPP #FELLESSKAP
NY KYRKJETENAR / SOM FAR SÅ DOTTER / FOR EIT ENGASJEMENT

NR. 1 | 2020 | 61. ÅRGANG



*Vinden har sin sti å vandre, bølgen har sin vei å gå, vår og sommer, høst og vinter skifter i det minste strå,
gledens tid og sorgens time har sin bolig i hvert sinn. Lovet være Han som åpnet første le og siste grind.*

TEKST: EINAR SKJÆRÅSEN, 1945 / FOTO: OLE ØYEN

Må verdiar alltid lønne seg?

For nokre år sidan hadde Ål kyrkjeakademi eit møte med professor Torger Reve frå Bedriftsøkonomisk Institutt. Han fekk spørsmålet: Må verdiar lønne seg? Er det til dømes ein motsetnad mellom økonomi og verdiar, mellom marknad og samfunnsansvar, mellom miljø og næringsverksemd?

Enkelte problemstillingar kan bita seg fast i ein og leva vidare. Det har dette spørsmålet, om verdiar eigentleg må lønne seg, gjort med meg. For kva er verdiar?

Eg grunnar på spørsmålet når eg går rundt i Historisk museum i Oslo og ser opp på det originale Ål-taket frå slutten av 1200-talet, taket som heldigvis vart redda då Ål stavkyrkje vart riven i 1880. Ål-taket, dette mektige kunstverket, er ein teikneserie med 23 sentrale hendingar i Bibelen, innramma av den første nattverden og Jesu krossfesting.

Historisk Museum i Oslo har i dag ei eineståande utstilling kalla «Forvandling. Tro og hellige gjenstander i middelalderen», som handlar om overgangen mellom det menneskelege og det guddommelege i Noreg i denne tidsepoken. Her er Ål-taket hovudattraksjonen.

Kva verdiar har me i dag?

Medan eg ruslar rundt i det spennande utstillingslokalet, ser på Ål-taket, ser på

«Mennesket lever ikke av brød
åleine, men av kvart ord som går
ut frå Guds munn.»

MATTEUS 4,4



Av Birger Bolstad

mellomalder-skulpturar og andre gjenstandar, blir spørsmålet om verdiar påtrengjande: Folk i Noreg i mellomalderen var kristne. Bodskapen handla om frelse og evig liv, det skulle bli betre i det neste livet. For å koma dit måtte ein også ofra, gje kollekt. Men pengar har mang ein gong trilla av garde i halv-mørkret i kyrkja. Derfor har det vore så mange myntfunn under golva i norske kyrkjer.

I mellomalderen var kyrkja ei viktig drivkraft for utbreiing av mynt og myntbruk. Mange brukte store delar av sine ressursar på religiøse formål, frå kyrkjebygging til fattigomsorg. Målet var å leva med Gud til evig tid.

Kva set me vår tillit til i dag – for vår framtid? Er pengesekken viktigast? Historisk Museum spør og trekkjer jammen inn Statens Pensjonsfond Utland, Det norske petroleumsfondet, i utstillinga. Dette er verdas største investeringsfond og passerte i 2019 10.000 milliardar kroner, ein rikdom me ikkje kan fatta. Inntektene kjem frå olje- og gassutvinninga på den norske sokkelen. Dei skal sikra framtidige generasjonar verdiane av ikkje-fornybare ressursar, og overskotet investerast i aksjar, obligasjonar og eigedom utanfor Noreg.

Men heldigvis er verdiar noko langt meir enn kroner og øre. Det viser Ål-taket oss.

PS. Om du ikkje får sett det originale Ål-taket i Historisk museum i Oslo, kan du stikke innom Ål kyrkje i dag og sjå den vakre kopien.



TID FOR JULEFEIRING

Då kyrkjeklokkene ringte jula inn kl 17, var det fyr i bålpanna og velkomstgløgg. Morten Carlstad hadde klar julematen til kl 18.

På menyen sto juleribbe, både av svin og lam, medisterkaker, pølser og alt som høyrer med. Riskrem til dessert og gode kaker. Før maten fekk me høyre «Det hev ei rose sprung», nydeleg framført av Per Olav Noss, som også leia oss gjennom fleire allsangar, juleevangeliet og ein liten minikonsert.

Etter middagen fekk me ein fin julekveldstale ved John Willy Johnsen, samt piano og song ved Sigbjørn Freddie Bagron, som også avslutta kvelden med ein nydelig liten arie.

Me var 23 personar til bords, den yngste 5 år og den eldste 88 og elles ei god spreing i alder og kultur. 1. juledag heldt julefeiringa fram med 30 personar til julebrønsj.

Takk til alle som kom og alle som hjelpa til, og takk for alle bidrag – av pengestøtte, mat, kaker, drikke og snacks!

Hilde Kirkebøen

Takk, Tone og Olav!

To medarbeidarar i redaksjonen for kyrkjebladet, Tone Idunn Anthun og Olav O. Moen, sluttar. Tone har vore redaktør i vel to år. Takk for stor og god innsats, Tone og Olav!

#einsemd #sakkeus #skravlekopp #fellesskap

Til jul fekk alle prestane i prostiet ein Skravlekopp. Slike koppar finst på fleire kafear og i kantiner rundt om i landet og er ein del av ei folkerørsle mot einsemd. Den grøne koppen er ein synleg invitasjon til samtale og fellesskap.

Eg ber på ein draum om at me saman skal kjempe mot utanforskap i 2020. Drøymer om at dette året skal kjenne-teiknast av inkluderande fellesskap der menneske kan erfare at dei blir sett og tatt imot. At det blir skapt gjestfrie møteplassar enten det er i kyrkja eller på kafeen. At me inviterer og blir inviterte til å dele måltid og å dele livsforteljingar.

To av mine favoritt-forteljingar frå Bibelen handlar om einsemd og fellesskap. Den første handlar om ei kvinne. Den andre om ein mann. Kvinna var fattig. Mannen var rik. Den eine leid under maktmisbruk. Den andre misbruka makta si. Det dei hadde felles var at dei begge vart sett ned på og oversett. Dei bar begge på ei lenge etter å bli sett. Hagar vart først tvinga til å bera fram

ein arving til patriarken Abraham. Då ho vart gravid, blei ho driven på flukt av Sara. Ute i ødemarka fann ein engel den egyptiske slaven og såg nauda hennar. Då sette ho dette namnet på Herren som hadde tala til henne: «Du er ein gud som ser meg.» For ho sa: «Har eg her verkeleg sett han som ser meg?»

Mange tusen år seinare budde tollaren Sakkeus i Jeriko. Han misbruka stil-

Anten vi er fattige eller rike treng vi å høyre til. At nokon ser oss.

linga si og tok ekstra betaling for varene. På den måten blei han rik og upopulær. Den kortvaksne tollaren vart sett ned på. Han lengta etter å bli sett. Møtet

med Jesus endra alt. Jesus ser meir enn det folk flest ser. Han overser ikkje. Ser ikkje ned på. Jesus såg angeren. Han såg ein skamfull mann. Jesus såg at han var einsam og lengta etter fellesskap. Han såg det bankande hjartet. Jesus inviterte seg sjølv inn til Sakkeus.

Anten vi er fattige eller rike treng vi å høyre til. At nokon ser oss. Jesus gav Gud som ser eit ansikt. Jesus stadfesta med

ord, handling og nærvere at kjærleikens fellesskap finst. Han inviterer til fellesskap. Han utfordrar oss til å møte kvarandre ved kaffibord og nattverdbord.



Av Sveinung Hansen

Ny kirketjener

Foto: Arne Jensen



Første januar begynte Lars Monrad Vaage i en 40 prosent stilling som kirketjener. Vaage har bodd mesteparten av sin tid i Oslo, men for fem år siden flyttet han fra by til land.

I et stille og fredelig hjørne av verden (les: Kvinnegardslia) utøver han det yrket som

legger beslag på resten av hans arbeidstid. Kunstneren Vaage har gjennom flere år tatt med seg maleriene sine til utstillinger både i inn- og utland. Senest i fjor kunne vi se hans utstilling «Maleri og film» på Kulturhuset her på Ål.

Det var ikke helt fremmed landskap Vaage kom til da han flyttet hit. Hans tippoldefar var prost i Ål rundt femten år på slutten av 1800-tallet. Vi gleder oss over ny medarbeider, og ser frem til berikende samarbeid og fellesskap.

Arne Jensen

Takk for god innsats



Per Hermann Kolsrud har vore tilsett som kyrkjetenar i 10 år, men valde å blir pensjonist frå nyttår.

Yrket som kyrkjetenar byr på ei rekkje utfordringar både med inne- og

utearbeid. Ingen oppgåve for liten, og ingen for stor.

Ål kyrkjelege fellesråd har vore heldige som har hatt Per Hermann i arbeid hjå oss. Han har hatt særskilt ansvar for Torpo kyrkje og kyrkjegard. Staden blir vitja av tusenvis av turistar og andre kvart år og Per Hermann meiner det er særleg viktig at kyrkjegarden er i orden.

Takk til Per Hermann for god innsats!

Kjellfred Dekko

KYRKJEBLAD FOR ÅL

REDAKSJONSKOMITÉ Tone Idunn Anthun • Arne Jensen • Olav O. Moen
BANKGIRO 2320.20.70272 | ADRESSE Postboks 140, 3571 Ål | UTGJEVAR Leveld, Torpo og Ål sokneråd
GRAFISK PRODUKSJON Kreator, Torget 6, 3570 Ål, www.kreator.no

KYRKJA I ÅL

KYRKJEKONTORET Ope tysdag–fredag kl. 08.30–14.00 | Tlf. 32 08 61 61 | aal.kyrkje@hallingnett.no | www.aal.kyrkje.no
PROST Sveinung Hansen | PROSTIPREST Arne Jensen | SOKNEPREST Vigdis Moen Storhaug | KYRKJEVERJE Kjellfred Dekko | SEKRETÆRAR Guro Stave • Elin Etterlid Tveito
KANTOR Audun Flaen | MUSIKARAR Ingunn Stræte • Håkon Tveit • DIAKON Hilde Kirkebøen | KYRKJELYDSPEDAGOG Kristine Giljebrekke Andersen | REINHOLDAR Rezene Habtom
KYRKJETENARAR Håkon Tveito • Per Hermann Kolsrud • Morten Storhaug | SOKNERÅDSLEIAR Einar Brattgard | FELLESRÅDSLEIAR Torfinn Slåtto



SOM FAR, SÅ DOTTER



I heile ti år har kyrkjeverja i Ål, Kjellfred Dekko (56), site i Tunsberg bispedømmeråd. I fire av desse åra har han vore leiar, og fire som nestleiar. No har Kjellfred takka for seg. Men til kyrkjevalet i fjor haust vart dottera, Inga Stoveland Dekko (18), vald inn som fast representant i bispedømmerådet på lista til Åpen Folkekirke.

- Å nei, det er nok ikkje slik at dette går i arv, humrar Kjellfred då Kyrkjebladet møter dei to heime i Kringlevegen, - men Inga har nok blitt påverka.

Biskopen har ni medlemmer i rådet sitt: ein prest, ein lek kyrkjeleg tilsett og sju andre leke valde i kyrkjevalet. Unge Inga Stoveland Dekko er ein av desse sju, medan andre kyrkjelege tilsette i si tid valde Kjellfred.

Bispedømmerådet er eit svært viktig rådsorgan for Den norske Kyrkja, og for

biskopen. Her tilset ein prestar rundt om i kyrkjelydane, her fordeler ein statlege tilskot som går til undervisning, diakoni m.m. Ein gong i året er alle bispedømmeråda i landet samla til kyrkjemøte - dette er sjølve Kyrkjas Storting som gjer vedtak som får stor betydning for kyrkje og samfunn.

- Ti år i Tunsberg bispedømmeråd, Kjellfred, det er lang tid. Kva vil du trekja fram som det viktigaste som du har vore med på i desse åra? Her har jo vore store og svært vanskelege saker for Den norske Kyrkja.

Kjellfred tek seg ein sup kaffi og kremtar litt før han svarar, men han nøler ikkje. Han trekkjer fram tre saker:

For det fyrste alle tilsetjingane, også av prestar og prostar, og ansvaret knytt til dette. Gode avgjerder her er viktig for kyrkjelydane og krev mykje og grundig arbeid i forkant. Kjellfred har til dømes site i biskopens

råd under tre biskopar, og han har vore med på å leggja til rette for to av desse utnemningane. Det er ikkje til å undrast over at tidlegare biskop Per Arne Dahl, på eit møte på Gol før jul, karakteriserte Kjellfred Dekko, i humoristiske vendingar, som «vise-biskopen».

- Det andre som har krevd svært mykje arbeid, der me har hatt stor påvirkning, er skiljet mellom kyrkje og stat. Med dette vedtaket fylgde det også mange pengar, det dreier seg om milliardbeløp som skulle fordelast. Dette var heilt nytt, men spennande, seier Kjellfred.

Og det siste han trekkjer fram er vedtaket i forrige valperiode om at likekjønna kunne gifta seg i kyrkja. Han sit framleis med blanda kjensler i denne saka, ikkje minst fordi her var så spisse frontar både før og etter at vedtaket vart gjort.

- Men biskopane hadde jobba godt; me fekk derfor eit vedtak som alle kan leva med, seier Kjellfred.

Den unge kyrkjestemma

Inga Stoveland Dekko frå Torpo er den unge kyrkjeentusiasten som til kyrkjevalet i fjor haust vann seg eit sete i biskopens råd.

I Tunsberg bispedømmeråd sit sjølv-sagt biskop Jan Otto Myrseth, blant prestane i Tunsberg bispedømme er Linn Strømme Hummelvoll vald og for dei andre kyrkjelege tilsette Brooke Bakken. Men Inga på berre 18 år er den eine av sju leke og den einaste faste representanten frå Hallingdal.

Det er ikkje til å undrast over at dette valet vekte oppsikt. Heldigvis speglar samansetjinga av bispedømmerådert mangfaldet i kyrkja, også når det gjeld alder.

Kyrkjebladet besøkte Inga og faren Kjellfred Dekko heime i Kringlevegen like etter nyttår. Me måtte nytta sjansen medan Inga var heime på sommarferie (!). Jo, du las rett. Inga tek ikkje vidaregåande skule her i dalen eller andre stader i Noreg. Fyrste året i vidaregåande var ho rett nok elev ved private Drottningborg vidaregåande skule i Grimstad, eigd av Norsk Luthersk Misjonssamband. Men jenta har utferdstrong, søkte så og fekk elevplass på

United World College (UWC) i Mbabane, hovudstaden i Swaziland, Sør-Afrika. Inga er ferdig med det eine året her, medan det andre og siste skuleåret ventar etter sommar- og juleferie. Ho har studiepermisjon frå Bispedømmerådet og Kyrkjemøtet så lenge.

Til kyrkjevalet hadde me veljarane tre lister å forhalda oss til: Nominasjonskomiteens liste, Åpen folkekirke og Bønnelista. Inga Dekko er vald inn for Åpen Folkekirke.

Korleis få dei unge til å bli verande i kyrkja, korleis rekruttera ungdommen?

Det er ei stor og viktig utfordring.

- Men kvifor slikt engasjement for Den norske Kyrkja, Inga? Kva er utfordringane, meiner du?

Inga treng ikkje lange tida på å tenkja seg om, sterkt engasjert som ho er: - Det viktigaste er å inkludera alle i det kristne fellesskapet. Det bør vera ein

plass til alle i kyrkja, og alle bør trivast. Korleis få dei unge til å bli verande i kyrkja, korleis rekruttera ungdommen? Det er ei stor og viktig utfordring. Og vidare: Det er færre som tek teologiutdanning i dag enn det var før. Dette er eit faresignal som me må ta på største alvor, seier Inga.

Åpen Folkekirke (ÅF) fekk i siste valperiode opna opp for likekjønna vigsel i Den norske Kyrkja.

- Me vil styrka det me har fått gjenom. Det er viktig for mange å vita at ÅF framleis er der, som ein garanti.

Men Inga hevdar at listene til bispedømmerådet ikkje er så forskjellige som mange trur. Ein arbeider her til beste for menneske og kyrkje, og for den kristne trua. Kyrkja representerer eit trusfellesskap, ikkje eit meningsfellesskap.

Kjellfred Dekko, med sine røynsler frå bispedømmerådet, kommenterer intervjuet med dottera slik:

- Inga er inne på noko viktig. Utfordringa elles er korleis Den norske Kyrkja skal vera ein sterk samfunnsaktør innanfor dei rammene me får. Korleis skal me rigga oss organisatorisk?



Det nye soknerådet for Leveld, Torpo og Ål sokn

Frå venstre og rundt bordet: Torfinn Slåtto og Else Karin Holte Veslegard frå Leveld sokn, Wenche Smestad og Birger Bolstad, Torpo sokn, og frå Ål sokn Einar Brattegard, Arild Ø. Hansen, sokneprest Vigdis Moen Storhaug, Anne Kjersti Frøyen og Liv Margit Sørbøen Halvåg.

Foto: Arne Jensen

FRÅ TRUSOPPLÆRINGA

Vinter/vår 2020

Av Kristine G.Andersen



Foto: Bo Mathiesen



Foto: Lena Knudt



Foto: Johanne Marie Jordet

BABY- OG SMÅBARNSSONG

Torsdagar kl 11.00 i Ål kyrkje-
stugu: 6. februar, 20. februar,
5. mars, 26. mars, 16. april,
30. april og 14. mai.

ETTER SKULETID

Tilbod for elevar frå 4.-7. Måltid,
leksehjelp, leik/spel inne eller ute.
Til slutt har vi undring i kyrkja.
Dette er eit integreringstiltak og
ein del av KIA-arbeidet. Tilbodet
er kvar måndag frå klokka
14.00-16.00.

KODE B TORPO

frå femte til sjuande klasse.
Laurdag 8. februar klokka 10.00-
12.00 i Torpo kyrkje. Søndag
9. februar kl 11.00 er det guds-
teneste med utdeling av biblar.

KODE B ÅL

Barn frå femte klasse er invitert
til Kode B laurdag 8. februar
frå klokka 14.00-16.00 i Ål
kyrkjestugu. Søndag klokka
17.00 er det gudsteneste
med utdeling av biblar.

KODE B LEVELD

Barn frå femte til sjuande klasse.
Laurdag 15. februar klokka 10.00-
12.00 i Leveld kyrkje. Søndag
klokka 11.00 er det gudsteneste
med utdeling av biblar.

TÅRNAGENTER

2. og 3. klassingar, laurdag
18.april og søndag 19. april.

BUK SOMMARLEIR:

1.-4. klasse. Barn og ungdom frå
femte kan vere med som junior-
leiarar. Klokka 9.00-15.00 måndag
til onsdag 22. juni til 24. juni.

KRIK:

Kvar måndag frå kl 18.00-20.00
frå 8.trinn opp til 18 år velkom-
men til balleik i Ål idrettshall.
For spørsmål Petter Wathne på
telefon 92 68 04 88.

SPEIDAREN:

Samlingar annakvar onsdag.
For spørsmål: Ingeborg K.
Frydenlund på telefon 90 86 56 02

BETWEEN- FOR 5.-7.KLASSINGAR

10. januar, 14. februar, 13. mars
og 24. april kl 18.00 – 20-30.
Samling, leik og hobbyaktivitetar
på Evjens minne.

KLUBB 3.16

Klubbkveldar annakvar fredag
i dei gamle lokala til kafé TID.
Bli medlem av «Klubb 3.16» på
Facebook eller Snapchat «Klubb
3.16» for informasjon.

SPRELL LEVANDE FAMILIEBALUBA

Middag, leikar, hobby og
samlingar for barna: 7. februar
og 6. mars klokka 16.30
på Evjens minne.

STRÅL BARNEGOSPEL

Søk opp strÅL MINI og MAXI
på facebook for oppdatert
informasjon.



FEBRUAR

09.02.20

Torpo kyrkje kl 11.00
~~Takkoffer: Martastiftelsen~~

Ål kyrkje kl 17.00
Takkoffer: Mercy ships

16.02.20

Leveld kyrkje kl 11.00
~~Takkoffer: Norsk søndagsskoleforbund~~

23.02.20

Ål kyrkje kl 11.00
~~Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet~~

26.02.20

Ål kyrkje kl 19.30
Kveldsgudsteneste

MARS

01.03.20

Vats fjellkyrkje kl 11.00

04.03.20

Ål kyrkje kl 19.30

08.03.20

Torpo kyrkje kl 11.00
~~Takkoffer: KIA~~

Leveld kyrkje kl 11.00
~~Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet~~

11.03.20

Ål kyrkje kl 19.30

15.03.20

Torpo kl 11.00
~~Takkoffer: Misjonsprosjekt Nepal~~

18.03.20

Ål kyrkje kl 19.30

22.03.20

Ål kyrkje kl 11.00
~~Takkoffer: Kyrkjebladet~~

Vats fjellkyrkje kl 11.00

25.03.20

Ål kyrkje kl 19.30

29.03.20

Leveld Kyrkje kl 11.00
~~Takkoffer: Kirkens bymisjon~~

Ål Kyrkje kl 17.00
~~Takkoffer: Fasteaksjonen~~

APRIL

01.04.20

Ål kyrkje kl 19.30

05.04.20

Vats fjellkyrkje kl 11.00
~~Takkoffer: Tro og Lys~~

Leveld kyrkje kl 11.00
Takkoffer: Misjonsprosjekt Nepal

Neste nr. av kyrkjebladet kjem ut i **begynnelsen av februar.**

Stoff til bladet må leverast kyrjekontoret/ t: aal.kyrkje@hallingnett.no

Frist innan **6. jan** 20

Velkommen til Tro og Lys – Ål gruppa

I Kyrkjestugu og kyrkja kl.17.00-19.00

Mandag 2. februar
Tro og Lys tankar
v/ Guri Ekse

Mandag 24.februar
Tro og Lys tankar
v/ Sigurd Dahle

Mandag 30.mars
Tro og Lys tankar
v/ Vigdis Moen
Storhaug

Palmesøndag 5.april
kl.11.00
Tur til Vats Fjellkyrkje

Åshild Høge kt:
Helsing v/ Vigdis Moen
Storhaug
Mat og program i
Kyrkjestugu kl 16.30

MiniBUK eit eventyr for bar

*Synest du det er vanskeleg å skaffe barnevakt når det er planleggingsdag?
Vil du at det skal skje noko positivt for barnet ditt?*

Kvart år blir 1.-3.klassingar inviterte
til MiniBUK. Dei blir inviterte til ein
aktivitetsdag full av opplevingar som
sjokoladelaging, hobby, bibelforteljing-
gar og ikkje minst leik i idrettshallen.
Konfirmanter er leiarar denne dagen
i lag med diakon Hilde Kirkebøen,
kyrkjelydspegagog Kristine Andersen
og frivillige medarbeidarar.

«Noko av det beste er å sjå samspelet
mellom ungdom og barna», seier Hilde
Kirkebøen. Det er ungdommen som
blir heltane for barna, og det er fint å
sjå dei ta skikkeleg ansvar. Vi trur det
er noko dei veks på.



Foto: Pixabay

MiniBUK blir arrangert under glo-
bal veke. Det vil seie at vi kvart år vil
snakke om å bry seg om andre. Sjoko-
laden dei lagar går til inntekt for
Kirkens nødhjelp. Dei lærer at dei kan
vere med å endre verda litt. Det dei
lagar, gleder nokon heime.

Kristine Giljebrekke Andersen

OPEN KYRKJE

Kyrkja er open tysdag-fredag
kl 9-14 (tysdag frå kl 8).
Onsdagar frå 19.30-20

Vil du vere kyrkjevert?

Ta kontakt med kyrkjekontoret:
3208 6161



FASTEAKSJONEN I ÅR ER 31. MARS

DØYPTE

Geilo Kulturkyrkje

24.11.19 Herman Haraldsen Ulshagen

DØDE

Ål

16.11.2019 Alf Inge Ekra f.1928
16.12.2019 Per Asbjørn Amundsen f. 1934
18.12.2019 Kari Slåtto f.1922
23.12.2019 Birger Svarteberg f. 1936
26.12.2019 Astrid Säfvenbom f.1930
31.12.2019 Hjørdis Natten f.1921

Torpo

01.01.2020 Brit Ruud f. 1928

Formiddagstreff 2020

ÅL KYRKJESTUGU onsdagar kl.11-13

Onsdag 5.febr.:

Andakt: Aslaug Holeplass

Tema:

Onsdag 5.mars.:

Andakt:

Tema:

Onsdag 1.april:

Andakt:

Tema:

VATS BEDEHUS onsdagar kl 12-14:

29.jan - 25.mars - 29.april

For meir info: www.aal.kyrkje.no

Og annonse i Hallingdølen



Årsmøte for kyrkjelydane i Ål

Leveld, Torpo og Ål sokn skal ha års-
møte **onsdag 19. februar kl 18.30 i Ål**
kyrkjestugu. Prost Sveinung Hansen
skal innleie om den nye kyrkjeord-
ninga; Kvar går kyrkje i 2020-åra?

Misjonsstevne for Det Norske Misjonsselskap



Det årlige misjonsstevne for NMS i Ål
blir i år **14. mars på kyrkjestugu**.
Vi vil markere at Leveld misjonsfore-
ning blir 140 i år.Guri Ekse og
Reidun Andersen Weberg deltar.



Fotografert av globaluke.no

For eit engasjement!

Vi er ein del av ei verd. Ei verd som ikkje er rettferdig. Vi kan bli heilt utmatta av å kjenne på alt som gjer verda vår sjuk. Kan vi gjere noko? Skal vi som kyrkje også vere med å bidra med engasjement? Bodskapen vi har er så mektig. Bodskap om lys og fred, men det er vi som skal vere Jesu hender og føter for å skape ei god endring. Difor vil vi vise barn og ungdom eksempel på nokre som gjer ei stor endring.

Vi inviterte Sigmund Hegstad, ballettkunstnar og grundar av klesmerket Faire&Square. Hegstad har jobba i Framtiden i våre hender, og jobba for å endre klesindustrien og folks haldningar til denne. Vi veit at dei som produserer klede for oss, ikkje blir behandla på ein god måte. Hegstad skjønte at han måtte prøve å starte med klesproduksjon sjølv. Ein fabrikk blei starta i Kina. Der får arbeidarane løn for jobben dei gjer, jobbar 37,5 timar kvar veke og har rett på permisjon. Faire&Square viser i praksis at det er mogeleg å få til. I tillegg til å vere engasjert i Kina, kjem Faire&Square til å starte opp tekstilfabrikk for Rom i

Romania. I Romania blir folket Rom diskriminert. Dette vil dei gjere noko med. Hegstad hadde med seg nokre av dei som vil vere engasjerte der som sjølv er rom.

Barn og ungdom frå sjetten klasse og oppover kom inn i Kyrkjestugu laurdag 23. november. Dei fekk litt godt å bite i før inspirasjonssamlinga starta. Musikkvideoen «Vekk meg opp», av artisten Gabrielle, blei vist på storskjerm. Mari Kaslegard og Lina Sofie Kilde leia samlinga med sterkt engasjement, humor og varme. Lys vaken handlar om å vere vaken for kvarandre, for Gud og for verda vi lev i. Sigmund Hegstad fortalte

barna og ungdommane om korleis dei jobbar og kvifor. Du kunne høyre viss det hadde falt ei nål i bakken.

Ungdom og barn fekk lære seg ein koreografi laga av Sigmund Hegstad til Lauren Daigle's song, «You Say». Koreografien var laga til kyrkjerommet. Ein stor gjeng jobba også med å lage rettferdig sjokolade til inntekt på Kirkens nødhjelp. Dei laga også kunstplakatar. Heile gjengen laga liv på TID kafé og landhandel. Der viste dei kunstplakatar og hadde moteshow med klede til Fair&Square.

Taco, spel, leiker og latter fylte dei neste timane. Speidaren arrangerte uteleik for alle på kvelden. Dei hadde også varma opp lavvoen og alle fekk del i ekte speidarglede ved å lære speidarrop, drikke varm saft og få popcorn laga på bålet.

Lys vaken-dagen blei avslutta med ei samling i kyrkja. Her fekk vi sjå dansen dei hadde øvd på og fekk inspirerende ord frå sokneprest, Vigdis Moen Storhaug.

Lys vaken-helga blei avrunda med ein storslått gudsteneste søndag 24. november. Gudstenesta blei leia av Vigdis Moen Storhaug og diakon, Hilde Kirkebøen. Her blei vi alle oppmoda om å kjenne på medkjensle, og å gjere noko med det vi kan gjere noko med. Sigmund Hegstad og teamet dansa «Den barmhjertige samaritan». Barn og ungdom dansa «You say», leia song og gjekk fremst i prosesjonen. Vår bøn og vårt håp er at denne helga rørte ved nokre strengar djupt i oss.

Kristine G. Andersen

BETWEEN våren 2020

Vi møtast på fredagar på Evjens Minne og med henting ved Ål kyrkje:
10. januar, 14. februar, 13. mars og 24. april (overnatting).
Alle frå 5.-7. klasse er velkommen.

Oppdatert informasjon finn du på Between-Ål-føresette på Facebook. Vi samlar oss for å bli betre kjend med kvarandre og få nye vener. Leike saman og ha fellesskap om mat og prat.

Vi snakkar om kva som er eit godt liv for kvar enkelt og kva det vil seie å vere kristen.

Slik ser ein Betweenkveld ut:

1800 – 1820	Fellessamling med litt prat, song, val av aktivitetar og val av mat for kvelden.
1820 – 1940	Aktivitet
1940 – 2000	Mat
2000 – 2030	Me går samla bort til kyrkja for avslutning der.

Ta gjerne med ein ven eller tre. Velkommen!

Helsing leiarane:

Ingvild Kaslegard – 90041993 / Anne Kjersti Frøyen – 90133806 Marianne Laa – 97165167 / Morten Kolsrud

